

## Året som har gått 2013

Det nærma seg snart jul att og me kan sjå attende på eit triveleg og aktivt år i idrettslaget!! Aktivitetsnivået i gruppene varierar gjennom året og frå år til år, men me har eit god aktivitet til å vera så små. Basaren i februar skapte gode inntekter for oppstarten av innebandygruppa vår. Denne gruppa har bidrege til meir aktivitet for ungdommar frå ungdomsskulealder noko som er spesielt positivt då ofte tilbodet vert mindre for ungdom i denne alder! Tusen takk til dykk som tigga gevinstar, selde årar og lodd og bidrog med kake og andre oppgåver til basaren.



Ut over året var me med på aksjeteikning i Skjolden Eigedom. Som idrettslager me opptekne av at me skal ha levedyktige bygder og skape utvikling. I desse tider er me med på prosjektet Sognefjordvegen. Det er eit samarbeid om folkehelse i dei tre kommunane Leikanger, Sogndal og Luster. Ein lagar stiar gjennom desse kommunane merka med S1. Stien går frå Luster over Børestein og Kinnfokfjellet før den går om Haugsnosi, Guroset og Persli og ned på Skjolden. Deretter følgjer han den planlagte turvegen frå Skjolden til Fortun, opp til Fuglesteg og Berdalen før den foreløpig endar i Turtagrø. Neste sommar skal den merkast til fylkesgrensa med Oppland. På Skjolden er idrettslaget med i ei arbeidsgruppe saman med prosjektleiaren i Sognefjordvegen, 4H, Bygdelaget og oppvekstsenteret som skal sjå på moglegheitar for å lage ein aktivitetsplass ute på Skjolden.

Under kulturdagane i mai hadde me aktivitetar for born og ordførar Ivar Kvalen opna lagerbygget vårt på fotballbana. Det er supert å ha ein plass å lagre tinga våre, her er det ein del med "inneutstyr" og ein del med maskiner og anna utstyr. Ordføraren skrytte over kor flinke me var til å få til ting innanfor. Samstundes takk til Hans Arvid og Toralf som har gjort ein kjempejobb med bygget.

I juni arrangerte me Sommarskiskule saman med Sogn og Fjordane skikrins og Sognefjellet sommerskisenter. Det var 35 deltakarar installerte på oppvekstsenteret ei veke, med økter i Fuglesteg, Mørkridsdalen og på Sognefjellet. Ein hadde og aktivitetar som klatring, ballspel og løp rundt Skjolden. Tusen takk til dykk som stilte opp som vakter og kjentmenn! Sommarskiseteret har hatt ein ny flott



sesong, besøk oss gjerne på fjellet,  
facebook eller heimesida.



Fanaråken opp arrangerte me 10. august.  
Veret var ikkje heilt med oss, med skodde  
og vind på toppane. Ca 500 stilte til start,  
ein liten nedgang i talet på mosjonistar.  
Sognefjellsmarsjen hadde 25-års jubileum  
helga etterpå. 22 deltok i ufyseleg vær.

Gratulera til Barbro Nyhus, Gerd Marit

Listou, Ranveig Heltne, Kjartan Kvien, Magne Homestad og Kåre Steinar Skagen som alle har  
delteke 25 gonger. Dei vart belønna med kniv frå Brusletto.

Anders har gjort ein kjempejobb i idrettslaget i mange år. Dette set me utruleg pris på. I år  
har han og fått utmerkingar for det flotte arbeidet han gjer. I juni var Anders på skitinget til  
Sogn og Fjordane skikrins, der mottok han heidersstatuett for sin særlege innsats innanfor  
ski. No i oktober har han vore på samling for eldsjeler på slottet. Gratulera og vel fortent,  
Anders. Me er heldige som har ein så aktiv og engasjert leiar!!

I skrivande stund har me 199 medlemmar, flott at så mange er med! Det er super innsats i  
treningar og turar på turorienteringa. Målet er å få flest mogleg til å delta i aktivitet, anten  
åleine eller på gruppetreningar. Tusen takk for at de stiller opp som medlemmar i grupper,  
arrangerer treningar og jobbar dugnad. Berre Fanaråken opp krev innsatsen til 75 frivillige!

Me har og flotte sponsorar me vil takke!! Hydro, Luster Sparebank, Luster kommune og  
Sport 1 følgjer oss gjennom heile året. I forhold til Fanaråken opp har me sponsorar som  
Joker Luster, Hellenes, Nordic Profile, Icebug, Skjolden Resort, Luster Energiverk, Maxim,  
Eskanor, Biksit, Fuhr Bygg, Turtagrø Hotel og DNT i tillegg. Tusen takk! Takk og til IL Bjørn,  
Hafslo IL og Christian Prestegård for godt samarbeid!

**IL Fanaråk vil ynskje dykk ei god jul og eit godt nyttår!!**

**Anders, Evi, Jakob, Hans Arvid, Anne Marie og Mona**

